

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i treeiningstida – 21.juni 2020

Preiketekst: Lukas 14:15-24

Lesetekst I: Jesaja 25:6-9

Lesetekst II: Johannes Openberring 19:5-9

Innbyding til gjestebod

Preiketeksta for denne sundagen er henta frå Lukas 14:15-24. Likninga har nokre likskapar med likninga Jesus fortel i Matteus 22:21-14, men er likevel så ulike at det må kallast to ulike forteljingar.

Spennande kontekst

Eg synest at konteksten rundt denne likninga er veldig spennande, og alle som skal preike over denne teksta, bør lese heile kapittel 14 hjå Lukas. Då får me vita at Jesus altså er i eit gjestebod hjå ein høgtstående farisear, og i denne samanheng kjem innpå fleire brennbare emne.

Det gjev absolutt eit ekstra perspektiv over teksta, når me veit at Jesus sjølv sat i eit stort gjestebod, med høgtstående farisearar når denne likninga vart fortald første gongen.

I etterkant av dagens tekst kjem eit avsnitt om «kva det kostar å fylgje Jesus». Ein kan heilt klart sjå dette i samanheng med likninga. Det er særst ransakande og utfordrande for dei aller fleste kristne i Noreg, særleg grunna vår materielle og sosiale velstand. Det er òg eit emne som er lite tatt fram på talarstolar, kanskje grunna at det utfordrar oss så veldig? Like fullt står det i vår Bibel, og verdt å ta til seg av denne grunn åleine.

Den lange konteksta er godt ivaretatt av lesetekstane for dagen, som peikar fram mot det store festmåltidet heime hjå Gud. Dette er jo også inngangen til likninga for Jesus, «Sæl er den som får sitja til bords i Guds rike.»

Det store gjestebodet - persongalleri

Likninga teiknar eit forholdsvis enkelt bilete, som dei ofte gjer. Personane har ganske avgrensa roller, og replikkane er få. Eg ville i ei preik gjerne ha kome innpå dei ulike personane for å kaste litt lys over likninga.

Husbonden er den som inviterer, og som gjerne kan setjast i samanheng med Gud, sjå Jesaja-teksta. Det er verdt å legge merke til at når det er tale om gjestebod og festmåltid, er det overvekt av kongar som innbyr til dette i det bibelske materiale.

Tenarane er dei som utfører herrens, eller kongens, ordre. Dei går lydig med både godt og sørgjeleg bodskap.

Dei fyrste gjestane. Var utakksame, egoistiske og kanskje sjølv gode og stolte. Heva dei seg over husbonden? Han var ikkje verdig deira visitt? Vanskeleg å kome utanom, gitt konteksten, at det er farisearane som er modell for desse karakterane.

Dei siste gjestane. I to omgangar vert det altså invitert i det breie lag av «uverdige» gjestar, som gladeleg tek imot invitasjonen.

To tolkingar

Den mest nærliggande tolkinga av likninga er sjølv sagt at Gud er husbonden, og inviterer folk til sitt store gjestebod, som varer i æveleg tid. Dette er inngangen til likninga, og konteksta innbyr også til dette. Farisearane har gjort sitt beste for å orsaka seg innbydinga til både døyparen Johannes, og Jesus sjølv. I tillegg har desse fått den fyrste innbydinga gjennom profetane. Denne innfallsvinkelen gjev eit stort alvor til forteljinga. Kva har du gjort med Guds innbydelse?

Mange har gått langt i å tolke dei ulike orsakingane frå dei første gjestane til djupare meiningar, med meir eller mindre hell. Uansett korleis ein gjer det, er det ransakande for oss. Kva orsakingar har me når Jesus kallar oss? Samanhengen til dei komande versa, v25-35, om kva det kostar å fylgje Jesus, er også nærliggjande her.

At dei siste gjestane blir differensiert i to omgangar, kan også vere eit påslag for å tolke inn «jøde først, så grekar». Den andre invitasjonen går til israelsfolket, men det er enno rom for fleire. Ein kan også legge inn tanken om kva gjestane brakte til bordet. Kva var det som gjorde gjestane verdige til å møte i gjestebodet? Det var ingen grunn i dei sjølv. Det einaste som var behov for var ein invitasjon frå husets herre, og hans tenarar. Eit stort nådeperspektiv.

Den andre tolkinga eg vil trekke fram, kjem også frå konteksta, nemleg frå vers. 12-14. Jesus vil setje eit døme for farisearane at gjestfrihet ikkje er noko som på egoistisk vis kan tilbakebetalast, men det er ei øving i sjølvnektning og offer. Dette har jo også sit store førebilete i Guds rike nåde og kjærleik, som ikkje krev betaling eller motsvar, men audmjuke og villige hjarte. Denne tolkinga blir meir formanande, men likevel med eit sterkt nådeperspektiv.

Misjon

Eg syns heller ikkje misjonsperspektivet er vanskeleg å få auge på i dagens tekst. Kven er tenarane som på herrens bod går ut og innbyr til det store gjestebodet? Det er også nyttig å leggje merke til korleis tenarane i v. 23 får beskjed om å «nøyda» folket til å koma. Det er alvor dette, og eit stort oppdrag å få fylt opp huset med gjestar.

Jødisk bakgrunn

Gjestebod i den jødiske kultur på Jesu tid kan eg ikkje mykje om. Men det var mellom anna heilt normalt med dobbel invitasjon. Altså at gjestane fekk ein invitasjon, og at dei når alt var ferdig, vart innhenta av verten. Dette har sitt motbilete i Farisearane si avvisning av Jesus, både ved første invitasjon som dei hadde i lova og profetane, og ved andre invitasjon ved døyparen Johannes og Jesus sjølv. Andre perspektiv har me vore inne på. Det er også eit

moment med festmåltidet i Jesaja-teksta, som er ein jødisk profeti, men også med plass til heidningane rundt bordet.

Oppsummering

Alt i alt ein spanande tekst, som gjev mange moglegheiter for dei som skal legge den ut som ei preik. Her er både til oppbygging, trøyst og formaning. Veldig sterke ransakande moment er det også, som gjev ein god moglegheit til å vere personleg og meir direkte med tilhøyrarane.

Lukke til!

Ole-Jørgen Storsæter

Krinsleiar – Nordhordland Indremisjon, ImF.

oj.storsater@imf.no